



Særutskrift

Arkivsak-dok. 21/01362-22
Saksbehandlar Svein Rune Notøy

Særutskrift - Reguleringsplan Solem bustadfelt II, endring 03 - Eigengodkjenning

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Drift- og arealutvalet	24.08.2022	PS-10/22
2 Kommunestyret	08.09.2022	PS-44/22

Drift- og arealutvalet har behandlet saken i møte 24.08.2022 sak PS-10/22

Møtebehandling

Kommunedirektøren si tilråding.

Votering

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedtatt.

Drift- og arealutvalets innstilling

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan Solem bustadfelt II, endring 03, slik det går fram av plankart og føresegner sist revidert 16.08.2022.

Kommunestyret har behandlet saken i møte 08.09.2022 sak PS-44/22

Møtebehandling

Kommunestyremedlem Berit Huse (AP) bad kommunestyret vurdere om ho, som grunneigar i Bytingsvik, samt at ho har ei søster som deltek i ein underskriftskampanje, vart inhabil. Ho vart samrøystes vurdert som habil etter Forvaltningslova § 6, bokstav a).

Votering

Drift- og arealutvalet si innstilling vart vedtatt med 19 mot 2 stemmer. Dei som stemte mot var:

- Lisa Nautnes Dale (SP)

- Svein Erik Nautnes (SP)

Kommunestyrets vedtak

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan Solem bustadfelt II, endring 03, slik det går fram av plankart og føresegner sist revidert 16.08.2022.

Reguleringsplan Solem bustadfelt II, endring 03 - Eigengodkjenning

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan Solem bustadfelt II, endring 03, slik det går fram av plankart og føresegner sist revidert 16.08.2022.

Bakgrunn

Reguleringsplan for Solem bustadfelt II vart vedteken av Aukra kommunestyre i møte den 19.12.2001. Det er seinare gjort to mindre endringar av den opphavlege reguleringsplanen: Solem bustadfelt II, mindre endring 01 – vedteken 18.12.2019 (ny tilkomstveg til eigedom 5/94), og Solem bustadfelt II, mindre endring 02 – vedteken 06.05.2021 (utviding av eigedom 5/117).

I Januar 2021 vart kommunen kontakta av representantar for Telenor AS med førespurnad om etablering av ny mobilmast med tilhøyrande anlegg på Gossen, nærmare bestemt ved toppen av Skomakaren på Solem. Hensikta med etableringa er å tilby innbyggjarane oppdatert og framtidsretta digital infrastruktur for elektronisk kommunikasjon i området Solem og i Røssøyvågen. Med omsyn til eksisterande bustader, natur, friluftsliv og nyare tids kulturminne bad då kommunen Telenor om å sjå på alternative løysingar.

Det beste alternativet til plasseringa ved Skomakaren blei vurdert å være Bytingsvika om lag 3 km nord for opprinneleg tenkt plassering (innplassering i eksisterande Teliast), men denne løysinga vart seinare gått vekk frå då den ikkje ville gi tilstrekkelig god 4G dekning på Solem og i Røssøyvågen. Som eit resultat av dette valte Telenor å gå for plassering av mobilmasta ved Skomakaren, jf. vedlegget: «Informasjon fra Telenor om vurderte alternativ for plassering av Mobilmast».

I mai 2021 fekk kommunen tilsendt eit forslag til plassering der masta var flytta om lag 70 meter austover, slik at den kom noko lengre unna eksisterande bebyggelse og nyare tids kulturminne. Løysinga vart akseptert av kommunen under føresetnad at det vart gjort ei endring av den opphavlege reguleringsplanen i området (Solem bustadfelt II, mindre endring 02), dette begrunna med at tiltaket ikkje var i samsvar med eksisterande reguleringsføre mål.

Kommunen har vurdert at endringane i plankartet er av ein slik karakter at dei ikkje kjem under krava til mindre endringar, saka vert derfor fremja som ei ordinær reguleringsendring med melding om oppstart og deretter høyring og offentleg ettersyn i minimum seks veker etter krava i plan og bygningslova kapittel 12. Kommunen har undersøkt §§ 6, 7, 8, og 10 i forskrift om konsekvensvurderingar, men finn ikkje at det vert løyst ut slikt krav

Nærmare informasjon om reguleringsendringa og tiltaket

Hensikta med reguleringsendringa er:

- 1) Leggje til rette for at det kan etablerast mobilmast med tilhøyrande anlegg ved Skomakaren på Solem, Gossen, gjennom etablering av eit nytt reguleringsføremål: «Telekommunikasjonsanlegg» (sosi-kode 1570) med tilhøyrande føresegner.
- 2) Leggje til rette for eit friområde mellom to av dei ubygde tomtene innanfor felt B7 gjennom etablering av eit nytt reguleringsføremål: «friområde» (sosi-kode 3040). Hensikta er at dette området kan nyttast til ferdsel, etablering av naudsynte kablar i grunnen, eller til annan naudsynt infrastruktur og anlegg i samband med etablering, drift og vedlikehald av mobilmast og tilhøyrande anlegg.
- 3) Som eit resultat av punkt 3 ovanfor, vert ei av tomtene på felt B7 tatt ut av planen då det vert for lite nyttbart areal att til bustadføremål, dette gjer at dei resterande tomtene vert noko større.
- 4) Ein eksisterande trafostasjon som er etablert innanfor felt F3 (leikeplass) vert tatt med i reguleringsendringa og gitt reguleringsføremålet "energianlegg (sosi-kode 1510).

Etablering av mobilmast med tilhøyrande anlegg vil krevje eit areal på om lag 25 m², sjølve masta er ei såkalla sjølvbærande gittermast utan bardunar, med ei framtidig høgde på 30 meter (i starten 18 meter, med moglegheit for auke opptil 30 meter ved behov) med seks antenner. Naudsynte kablar frå eksisterande trafostasjon og fram til mobilmasta skal så langt det let seg gjere gravast ned og dekkast av stadeigen masse. Det skal ikkje etablerast veg fram til mobilmasta, då stordelen av utstyret i samband med etableringa vil verte frakta ved hjelp av helikopter. Ved seinare naudsynte serviceoppdrag kjem personell til fots eller med ATV dersom det vert behov for frakt av større og tyngre utstyr.

Utgreiing

Det blei varsla oppstart av arbeid med reguleringsendring via brev til berørte partar, og som annonse i Romsdal Budstikke den 23.11.2021. Frist for å kome med merknader til planarbeidet vart sett til 22.12.2021, og det kom inn totalt 8 merknader.

I medhald av plan og bygningslova § 12-10, vedtok Drift- og arealutvalet i møte den 23.03.2022, sak PS-4/22, å leggje planforslaget ut til høyring og offentleg ettersyn i 8 veker (frista vart utvida med to veker grunna påskeferie). Planforslaget låg ute til høyring og offentleg ettersyn i perioda 24.03.2022 – 24.05.2022, og det kom inn totalt 8 merknadar, nedanfor er desse kort refererte og kommenterte (merknadane i si heilheit er vedlagt saka):

1) Merknad frå Statens vegvesen region midt, datert 06.04.2022

Statens vegvesen har ingen merknader til dei føreslegne endringane.

Kommentar:

Tatt til vitande.

2) Merknad frå råda, datert 26.04.2022

Tek saka til vitande og har ingen ytterlegare merknadar til endringane.

Kommentar:

Tatt til vitande.

3) Merknad frå Robert Solem, datert 10.04.2022

- Er ikkje einig i det som blir sagt om at plasseringa på Skomakaren sikrar best mogleg dekning. Dei har sjølv Telia på sine telefonar og har full dekning i Røssøyvågen og på Solem. Stil spørsmål ved Telenor sine dekningskart, og tilbakemeldingar om plassering av mobilmast.
- Meiner at samlokalisering i eksisterande Teliamast i Bytingsvika er eit betre alternativ. Alternativt flytte masta mykje lengre sør, f.eks. på sørsida av myra der masta er tenkt plassert. Då kan også eksisterande infrastruktur brukast og det blir ingen nye inngrep i naturen.
- Håper merknadane blir tatt til etterretning og vil avvente bygging av bolig inntil plassering av mobilmast er avgjort.

Kommentar:

Kommunen har vore i dialog med Tiltakshavar, og har fått fylgjande tilbakemeldingar:

- *Det kan være forskjellar i val av antenntype, retning på antenne, kva høgde i masta antennene er plassert på mv, som gjer at Telenor og Telia har forskjellig dekning. Vedlagt saka er dekningskart frå 2021 som samanliknar dekninga på Solem og Bytingsvika på h.h.v. LTE 800 og LTE 1800 MHZ (frekvensar i det eksisterande 4G nettet for mobil og data, lave frekvensar gir betre rekkevidde, høgare frekvensar gir betre kapasitet). Det har ikkje skjedd endringar sidan den gong, og desse er fortsatt gyldige. Grøn farge indikerer meget god dekning, gul og oransje farge indikerer god dekning, og raud farge indikerer basisdekning. Blå og lilla farge indikerer dårlig eller ingen dekning. Dekningskarta er baserte på teoretiske berekningar og kan avvike frå opplevd dekning.*
- *Dekningskartet til Telenor skil ikkje på tale og data, men på basis, god og meget god dekning. Betre dekning betyr høgare datahastigheiter. Skal ein for eksempel strøomme video er ein avhengig av å ha høgare hastigheit enn det ein treng for å gjennomføre ein telefonsamtale. Dei høgaste hastigheitene kjem via de høgaste frekvensane som ikkje når like langt og vert lettare stoppa av hinder samanlikna med dei låge frekvensane. Dette betyr at ein oppnår de høgaste hastigheitene hvis ein er nær basestasjonen og har god sikt til antennene. 5G vil kunne sende på dei same antennene og mange av dei same frekvensane som 4G, og det er venta at dekninga på 5G blir omtrent lik med 4G. Regelen med at betre dekning betyr høgare hastigheiter gjeld og for 5G. Skilnaden er at på 5G kan ein ta i bruk enda høgare frekvensar enn på 4G, med enda høgare hastigheiter, men desse vil igjen ha veldig kort rekkevidde. Desse frekvensane vil ein ikkje kunne nytte dersom basestasjonen er plassert langt unna brukarane.*
- *Det er ulemper med den føreslegne plasseringa i myrområdet sør for Skomakaren: Det må settast opp ei høgare mast for å kunne gi nokolunde tilsvarande dekning (minst 30 meter, og truleg høgare ved seinare naudsynt utviding for å leggje til rette for nye teknologiar), men sjølv med denne er det usikkert om det vil gi god dekning til busetnaden ved og rundt havna i Røssøyvågvegen. Denne plasseringa vil i tillegg auke installasjonskostnadane knytt til mast og hytte, samt framføring av straum. Sektorindelinga på antennene vil samstundes bli noko annaleis. Det føreslege området ligg innanfor eigedom 4/3 som er i privat eige.*

- *Kommunen har og vore i kontakt med Telia for å få deira, kommentarar knytt til noverande og framtidig infrastruktur som dei disponerer på Aukra, og har fått fylgjande tilbakemelding: «Det er for tiden ingen planlagte nye basestasjonar i Aukra kommune. Alle stasjonene er imidlertid planlagt oppgradert med nytt utstyr i løpet av 2022, alle her vil få 4G+ (4G-bånd 700/800/900/1800/2100) og 5G (bånd 700). Vi forsøker i størst mulig grad flytte radioene helt ut til antenner for å redusere kabeltap, tjener litt på det dekningsmessig. I tillegg utøkes antall frekvensbånd man kjører 4G/5G på, dette gir høyere hastigheter. Det vil fortsatt være noen områder som kun har «Basis» dekning etter oppgraderingen, det kan bli aktuelt å etablere nye basestasjonar på sikt»*

4) Merknad frå Istad Nett, datert 10.05.2022

- Må ha moglegheit til å parkere en montørbil ved nettstasjonen.
- Tiltakshavar må ta kontakt for vidare tekniske løysningar ved eventuell utførelse, og for å informere om tiltaket slik at vi får vite hvor omfattende det blir.
- Hvis det blir nødvendig å flytte eller endre på anlegg må utbygger dekke kostnadene til dette helt eller delvis.
- Vil ha tilsendt godkjent reguleringsplan som SOSI-fil.

Kommentar:

- *Det vert i planforslaget ikkje gjort endringar knytt til den eksisterande trafostasjonen som ligg ved leikeplassen. Arealet mellom eksisterande trafostasjon og Skomakarvegen utgjer om lag 25 m² og er tilstrekkeleg for parkering av montørbilar. Tilkomst til mobilmasta og tilhøyrande anlegg i samband med naudsynt vedlikehald skjer til fots eller ved bruk av ATV dersom det er behov for å frakte tyngre delar etc. Det skal ikkje etablerast køyreveg til mobilmasta.*
- *Kommunen forutset at det er tett dialog mellom netteigar Istad nett/Elinett og tiltakshavar i god tid før ei eventuell realisering av anlegget, slik at det ikkje er tvil om kva tekniske løysingar som må på plass, og kor omfattande prosjekteringa vil bli. Slik blir det også tidleg klart om det vert naudsynt å flytte på/endre eksisterande anlegg. Tiltakshavar er kjent med at ei eventuell flytting eller endring av eksisterande anlegg tilhøyrande netteigar er ein kostnad dei heilt eller delvis må dekkje.*
- *Kommunen sin sakshandsamar skal sørge for at sosi-fil av reguleringsplanen vert oversendt ved eit eventuelt vedtak.*

5) Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 19.05.2022

Møre og Romsdal fylkeskommune har ingen merknader til dei føreslegne endringane.

Kommentar:

Tatt til vitande.

6) merknad frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, datert 19.05.2022

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har ingen merknader til dei føreslegne endringane.

Kommentar:

Tatt til vitande.

7) Merknad frå Folkets strålevern, datert 24.05.2022

Grunna omfanget av merknaden vert den ikkje referert i si heilheit, men kun dei sentrale punkta. Merknaden i si heilheit er vedlagt saka.

- Telenor har i 1. høringsrunde lagt frem en brosjyre og diverse informasjon vedrørende elektromagnetisk stråling (EMF). Telenor forholder seg til ICNIRP sine anbefalinger som gir grenseverdier for termisk oppvarming av vev grunnet stråling. Skader som oppstår i cellene før oppvarming har ICNIRP ikke vurdert, og de kan heller ikke si at dette ikke forekommer. ICNIRP fraskriver seg skade som kan skje grunnet stråler lavere enn grenseverdien og de oppfordrer alle land og arbeidsgivere å følge med på forskning og sette sine egne grenseverdier deretter. Kommunen har full anledning til å sette egne grenseverdier.
- Folkehelse er et ansvar kommunen har. Telenor har ikke ansvar for folkehelse og kan ikke stilles til ansvar for skader befolkningen måtte bli påført fra mobilmaster. Det er godt dokumentert at stråler langt svakere enn grenseverdiene til ICNIRP fører til skade på biologisk liv. Kommunen bør derfor innhente informasjon om dette og ta det med i sin vurdering av plassering av mobilmaster.
- Kommunen bør vurdere om en mast skal plasseres så tett opp til et boligfelt. En fersk studie i Electromagnetic Biology and Medicine viser at stråling fra mobilmaster forårsaker oksidativt stress, det vil si overproduksjon av frie radikaler. Oksidativt stress er grunnlaget for mange inflammatoriske sykdommer, og det svekker immunforsvaret. Strålingen som ble benyttet i studien hadde en gjennomsnittlig effektetthet på 37 540 mikrowatt per kvadratmeter, til sammenligning er grenseverdien til ICNIRP på 10 000 000 mikrowatt per kvadratmeter.
- Det kan også nevnes NTP studien, en amerikansk offentlig finansiert langtidsstudie av svake elektromagnetiske felt. Denne viste klare bevis for kreft og endring av DNA hos rotter som ble utsatt for svak stråling.
- Vi vil oppfordre Aukra kommune til å sette folkehelse og vitenskap foran næringslivets økonomiske interesse. Kommunene bør hente inn informasjon fra en EMF-forsker/lege med erfaring på feltet som er uavhengig av telekomindustrien. Kommunen bør også vurdere rådet fra Europarådets parlamentarikerforsamling som blant annet anbefaler som strakstiltak og sette nye grenseverdier for stråling innendørs som er 10 000 ganger lavere enn nåværende og innføre 100 000 ganger lavere grenseverdier på lengre sikt. Masten på Solem bør derfor flyttes lengst mulig unna boligområder og lekeplass.

Kommentar:

For å sikre tilstrekkeleg og framtidretta digital infrastruktur på Solem og i Røssøyvågen vert det naudsynt å etablere mobilmasta nær bustad, slik det og er gjort andre stader på Gossen. Etablering av mobilmast kan for dei som vert berørte opplevast som negativt, både med omsyn til utsikt, bekymring for potensiell strålefare, potensiell støy mv. Som offentleg myndigheitsutøvar forhold kommunen seg til dei faginstansar som er etablert på fagområdet, nasjonalt og internasjonalt, samt etablert forskning og kunnskap, (i hovudsak Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM), Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet

(DSA), Folkehelseinstituttet (FHI), Kreftforeningen, samt Kommunenes Sentralforbund (KS) sin veileder for innplassering av mobilmaster (mai 2022), jf. og vedlegget «Link til nettsider brukt som kjelder»

Frå Forskning.no:

«Forskere i mange land har gjort studier på ulike former for moglege helseplager. Dei har undersøkt folk, gjort eksperimenter på laboratoriene, undersøkt celler, vev og svulster og sett på helsestatistikk, og vurdert og etterprøvd kvarandres forskning. Helseorganisasjonar nasjonalt og globalt følger forskinga og oppsummerer. «Til dags dato, og etter mye forskning, har ingen negativ helseeffekt blitt påvist som er forårsaket av eksponering for trådløs teknologi», skriver WHO i ei oppsummering.

«Eksponering fra trådløse nettverk er så lav at det er usannsynlig at opphold i nærheten gir negative helseeffekter» skriver Kreftforeningen.

Målingar som er utført i områder rundt basestasjonar har vist at strålingsnivåa ligg under grenseverdiane. Fyrst når ein er nærmare enn om lag ti meter, i same høgde og rett foran ei samling antenner, kan vi bli utsett for strålingsnivå som er høgare enn grenseverdiane (kjelde: «stråling fra trådløs teknologi», brosjyre utgitt av NKOM og DSA, 2020).

Tilgjengeleg forskning har ikkje eintydeleg konkludert med at eksponering av lave nivå av elektromagnetisk stråling utgjer nokre helseeffekter (kjelde: Kreftforeningen). Nettsida finnsenderen.no har ein strålingskalkulator ein kan nytte for å sjå eksisterande strålenivå frå mobilmaster, for eksempel er det ved dei nærmaste bustadane til Telenor-masta på Hukkelberget eit registrert strålenivå på mellom 0,20 – 0,80 promille (tusendel) av grenseverdiane anbefalt av Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet (DSA).

Installasjonar av antenner og kommunikasjonsutstyr vert utført i henhold til dei til eikvar tid gjeldande lover og forskrifter for Noreg. Telenor forhold seg til dei grenseverdiane som i Noreg er gitt av Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet (DSA). Tiltrådde grenseverdier for elektromagnetisk felteksponering av menneske er utarbeidd av International Commission on Non-Ionizing Radiation Protection (ICNIRP). Kommisjonen er formelt anerkjent av Verdens Helseorganisasjon (WHO) som ein uavhengig organisasjon for ikkje-ioniserande stråling og deira sine tilrådingar ligg til grunn for norsk forvaltning (DSA). Aktuelle grenseverdier er gjengitt under:

Teknologi/Frekvens	Effektetthet
800MHz	4,1 W/m ²
900MHz	4,7 W/m ²
1800MHz	8,9 W/m ²
2100MHz	10 W/m ²
2600MHz	10 W/m ²

8) Merknad frå Solem velforeining, datert 25.05.2022 (fikk utsett merknadsfrist) – vedlagt merknaden var ei underskriftskampanje mot føreslege plassering.

- Masta skjemmer friområdet som er mykje brukt av bebuarane i området.
- Masta og jordsmonnet rundt den vil bidra til å tiltrekke seg flere lynnedslag. lynnedslag i masta vil kunne forårsake skader på hjemmeelektronikk.

- Meiner at masta kan være eit potensielt sabotasjemål og er ikkje einig i det som står i ROS-analyse som følger planen. Meiner ikkje at å sette opp gjerde er eit tilstrekkelig skjermingstiltak.
- Kommunen bør være tydligere på å foreslå samlokalisering med eksisterende mast på Ramnhammeren.
- Kommunen har ansvar for folkehelsen til innbyggerene, og det blir stilt spørsmål til korleis saka kunne bli sendt på høyring.
- Stiller seg bak merknadane frå Folkets Strålevern
- Det blir støy frå masta ved vind.
- Det er strålingsfare ved boligene og leikeplassen
- Verdiforringelse av eksisterende boliger
- Vanskelig å selje ledige kommunale tomter, fleire har sagt de ikkje vil busette seg her dersom masta blir etablert.
- Trafikk av motoriserte kjøretøy ved bygging og vedlikehold.
- Bør vel være like lett for kommunen å fjerne masta som det var å fjerne gangveg ned til Røssøyvågen?

Kommentar:

- *Mobilmasta er flytta om lag 70 meter austover, og lagt lavare i terrenget for å redusere konsekvensar for nærliggande bustader, friluftsliv og nyare tids kulturminne. Naudsynte kablar er tenkt lagt i grunnen og overdekt med stadeigen masse. Etablering av mobilmast med tilhøyrande anlegg er med på å betre dekninga, som igjen bidreg til å auke tryggleiken og tilgjengeligheita i området. Utifrå ei heilskapleg vurdering har kommunen vurdert at fordelane med etablering av mobilmasta er større enn ulempene det medfører for naturen- og friluftslivet i området.*
- *Kommunen har vore i dialog med Tiltakshavar, og har fått fylgjande tilbakemeldingar knytt til problemstillingane rundt mogleg lynnedslag:*
 1. *Mobilmasta vil bli den høgaste strukturen i området, og dermed vil og sannsynlegheita for lynnedslag auke noko. Det høgaste naturlege punktet i området ligg høgare enn masta sitt planlagde fundament, så denne vil truleg ikkje stikke meir enn 10 meter over eksisterande vegetasjon på Skomakar-kollen. Det vert vurdert at den auka sannsynlegheita for lynnedslag i området er marginal, men det er likevel sannsynleg at lynnedslag som elles ville slått ned i området, vil treffe masta og slik virke skjermende/beskyttande for omkringliggende strukturar som i dag er utsette for lynnedslag.*
 2. *Tiltak for å hindre skader frå lynnedslag vil være utforming av eit effektivt jordingsanlegg tilknytta masta. Det ligg ei myr om lag 25 meter sør for planlagt plassering, denne bør utnyttast ved utforming av jordingsanlegget, i tillegg til etablering av fjellspyd rundt mastepunktet.*

Eit godt utforma jordingsanlegg vil redusere sannsynlegheita for utfordringar knytt til overspenning for nærliggande strømbabbonentar betrakteleg.

3. Krafttilførselen bør ha ein eigen sikringskurs frå trafoen, og bør ikkje henge på same forsyningskurs som nærliggande bustadar. Det er anbefalt å leggje kabelføring frå trafoen og opp til masta, og at det i samråd med nettselskapet vert montert overspenningsvern på trafoen som forsyner masta.

- Kommunen vurderer ikkje mobilmasta til å være eit særleg utsett sabotasjemål, og meiner at planlagte sikringstiltak som klatrehindring/gjerde er tilstrekkelege, slik det og er gjort på øvrege anlegg i kommunen.*
- Når det gjeld mogleg samlokalisering vert det vist til merknaden frå Robert Solem der liknande spørsmål er besvart.*
- Når det gjeld stråling vert det vist til merknaden frå Folkets strålevern der liknande spørsmål er besvart.*
- Dersom mobilmasta vert riktig montert skal den ikkje generere støy. Mastetypen som er tenkt etablert er ei sjølvbærande gittermast utan bardunar, med ei maksimal høgde på inn til 30 meter i framtida. Det føreligg heller ingen planar og å installere fast lys i masta då den er for lav, og det er ingen krav til lys i slike lave master.*
- Mobilmasta er flytta om lag 70 meter austover, og lagt lavare i terrenget for å redusere konsekvensar for nærliggande bustader, friluftsliv og nyare tids kulturminne. Etablering av mobilmast med tilhøyrande anlegg er med på å betre mobildekninga, som igjen bidreg til å auke tryggleiken og tilgjenglegheita i områda det gjeld. Kommunen har eit overordna ansvar for å leggje til rette for best mogleg beredskap, mobildekning, samt å leggje til rette for utvikling av framtidige teknologiar i kommunen. I planforslaget har ei av tomtene på felt B7 blitt tatt ut av planforslaget, dette gjer at dei resterande tomtene vert noko større. Utifrå ei heilskapleg vurdering har kommunen vurdert at fordelane med etablering av mobilmasta er større enn ulempene det medfører for eksisterande og framtidige bustadar.*
- Det skal ikkje etablerast veg fram til mobilmasta, då stordelen av utstyret vert frakta ved hjelp av helikopter i samband med etableringa , dette arbeidet vil føregå i eit begrensa tidsrom og må kunne sjåast på som påregneleg. Ved seinare naudsynte serviceoppdrag kjem personell til fots eventuelt ved bruk av ATV dersom det skal fraktast større og tyngre utstyr.*
- Etablering av turveg frå bustadfeltet og ned til Røssøyvågen vil ikkje verte eit tema i denne reguleringsendringa. Denne har ikkje vore ein del av vedtatt reguleringsplan for Solem II.*

Konklusjon

Bakgrunnen for reguleringsendringa er å sikre betre 4G dekning, og framtidig 5G dekning i områda ved Solem og Røssøyvågen. Det er vurdert ulike alternativ for plassering av mobilmast for å optimalisere størst mogleg dekning, og etter kommuna si vurdering er det føreslegne alternativet ved Skomakaren det alternativet som gir det beste resultatet.

Telenor ser ikkje ei løysing med samlokalisering i Teliamasta i Bytingsvika som aktuell eller teneleg. Telenor vil ikkje tilby tenester i området utan ny mast på Skomakarhaugen.

Kommunen har eit overordna ansvar for å leggje til rette for best mogleg beredskap, mobildekning samt tilrettelegging for utvikling av framtidige teknologiar i kommunen. Ut frå ei heilskapleg vurdering har derfor kommunen vurdert at fordelane med etablering av mobilmasta er større enn ulempene det medfører.

Ingen av fylkesetatane Statens vegvesen, Møre og Romsdal fylkeskommune eller Statsforvaltaren i Møre og Romsdal hadde vesentlege merknader til oppstartmeldinga. Det kom inn totalt fem merknadar frå naboar og velforeining, der samtlege stilte seg negative til tiltaket begrunna med potensiell strålefare, potensiell støy, fare for lynnedslag, at det vert vanskelig å få selt eigedom sidan på grunn av nærheit til mobilmast, at ledige tomter blir mykje mindre attraktive grunna nærheit til mobilmast, og at tiltaket medfører konsekvensar for natur og friluftsliv. I samband med høyring og offentleg ettersyn vart det gjennomført ei underskriftskampanje mot føreslege plassering, denne ligg ved saka til informasjon.

Administrative konsekvensar

Ingen.

Folkehelsekonsekvensar

Etablering av ei mobilmast kan opplevast som negativt, både med omsyn til utsikt, bekymring for potensiell strålingsfare, potensiell støy mv. Kommunen forhold seg til informasjon som er tilgjengeleg frå offentleg hald, hovudsakleg Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM), Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet (DSA), Folkehelseinstituttet (FHI) og Kreftforeningen, jf. kommentarane til merknaden frå Folkets strålevern.

Friområde og leikeplassar som fremjer bruken av området til leik og friluftsliv vert vidareført frå gjeldande plan.

Etablering av mobilmast med tilhøyrande anlegg er med på å betre mobildekninga, som igjen bidreg til å auke beredskapstryggleiken og tilgjengelegheita i områda det gjeld.

Økonomiske konsekvensar

Ingen.

Gerd Nerbø
Teknisk sjef

Geir Janos Göncz
Kommunalsjef plan og utvikling

Gerd Marit Langøy
Kommunedirektør

Særutskrift

Vedlegg

- 1_Solem bustadfelt II, endring 03_plankart rev. 16.08.2022
- 2_Solem bustadfelt II, endring 03_føresegner rev. 16.08.2022
- 3_Gjeldende plankart før endring 03
- 4_Lokalisering
- 5_Plassering av mobilmast - kart og illustrasjonar
- 6_Oppdatert illustrasjon av mast ved 18 og 30 meter
- 7_Oppdatert dekningskart
- 8_Sjekkliste ROS
- 9_Brosjyre om stråling, mai 2020
- 10_Informasjon fra Telenor om planlagt mobilmast og elektromagnetisk stråling
- 11_Informasjon fra Telenor om vurderte alternativ for plassering av Mobilmast
- 12_Tilbakemelding frå Telenor angående mulig lynnedslag og avbøtande tiltak
- 13_Link til nettsider brukt som kjelder
- 14_Innkomne merknader etter høyring og offentlig ettersyn

RETT UTSKRIFT

DATO 12.september.2022